

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Lynging og mosing

Oppskr. av: O. O. Bergland

(adresse): Amdalsverk

Fylke: Telemark

Herad: Mo

Bygdelaag: Skapså

Gard: Bergland

G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter far og andre har fortalt. Far var född  
(han var gårdbr. og jekardlar) i 1833.

## SVAR

1. Då Skapså alsjøtt har havt gode  
utslåttor, har sanking av naurfor  
vore lite brukt. I gamal tid for  
omlag 100 år sidan var det helst  
hussmennene som sankte lyng og  
mosse til for.

A. Lyng har ikkje vore sankt år-  
viss til for. For omlag 50 år si-  
dan kunde sume bruke lyng til  
naurfor om våren, helst når vå-  
ren var sein; men årviss var det  
ikkje då heller. No brukar ingen  
lyng til for, ikkje under siste verdens-  
krig heller. Det er lenge sidan dei  
stutta å sankte lyng til for om  
hårsten. Visselig over tvo hundra  
år sidan.

2. Det vesle dei har bruke av lyng  
til for her i eit par mansaldrar,  
vart sankt i flekkeåa om våren.  
Dei ruskte med hendene og vart  
kalla: å rysja lyng. (å ryskja,  
ryskjer, ruskte.)

3. Som før sagt ryste dei lynger med hendene. Kanskje somme brukte ein stultgjå, men aldri nokon serskild laga lyngljå.

4. Trong dei noko mykje, at vårkni- pa vart lang, måtte karfolka hjelpe til; men for det meste var dei kvinfolka som ryste lynn-

5. Har aldri sett nokon slått lynn- deig so eg har ikkje sia noko visst om det. Skil mykje på jordslaget og - stuleg kunde dei slå fjorde kvad er.

6. Dei bar lynger i sekker eller også i kår.

7. So langt sign gjeng attende, henta dei lynn etter som dei trong han; men skulde dei göyma han, måtte dei tørka han godt fyrst. Dette er ikkje kjent her.

8. Det var kyr og sauer som fekk lynn. Hølst kyrne. Dei fekk lynnen ein par eller tri gonger om dagen, og so litt høy etter på. Det siste har eg aldri høyrst noko om.

9. Lynn vart rekna klenst for. Her var det mest busselynn eller rösslynn dei brukte. Det er mest

Sp. l. 10, Lyngur, og mosing

Telemark,  
Mo.

O.O. Borglund  
Aurdalsvatn

(3<sup>3</sup>/<sub>4</sub> side)

av den her i bygda. Annan Lyng  
er det lite av.

### B.

1. Før dreiv dei saune ut i Lyng  
bakkane om våren når høyet  
strauk, og saune måtte vel gjera  
det med kyrne og; men det  
var få. Til andre tider vart  
det ikkje brukt.

2. Det var helst saune, og enkelte  
også kyrne. Den tid dei hadde  
geiter, brukte dei sleppa dei ut  
hvar dag heile vinteren i beitekosu.

3. Det var visnok ein vanleg fram-  
gangsmåte med sau og geit; men  
med kyrne var det berre indantak  
og er no heilt stult.

4. Det vart rekna for nærberging.

### II Mosing.

1. Har aldri høyrst at dei har  
sanka mose til for her i Skaf-  
så, ikkje under siste verdens-  
krig heller.

2. Horkje til vinterfor eller vår-  
knipe vert det sanka mose her  
i bygda.

3. Kan ikkje svara på dette.

4. Er ukjent her.

5. " " " "

1928

1928 -

3  
Telemark

8521

8261

Telemark  
Mø. (Skafså)

O. D. Borglund,  
Aurdalsverk.

Sp. l. 10,  
Lynge og Monie

(3 3/4 side)

6. Er ukjent her, so eg kan  
ikkje svara <sup>på</sup> desse spørsmåla  
under 6 og 7.

8. Ikkje kjent her.

9. Ukjent her.

10. Kan ikkje svara på det.

11. Kan ikkje kjensle til det.

12. Kan ikkje svara nokviss  
på det.

Arman mose.

1. Har høyrst at dei samla is-  
landsk lav (matmose) til  
grisen. Dei blanda han med  
litt mjöl, koka han og gav so  
grisen dette. Det skulde vera god  
griseamat.

2. Har høyrst at lav, helst granlav,  
skal ha vore brukt; men det  
er lunge sidan, truleg over  
hundre år.

1928

NORSK ETHNOLOGISK GRANSNING